



Prosedyre oppfølging av opplæringslova

Kapittel 12 Skulemiljøet til elevane

- Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring, sjå § 12-2.
- Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering og arbeida kontinuerleg for at elevane skal ha eit trygt og godt skulemiljø, sjå § 12-3.
- Skulen har ei plikt til å sikra eit trygt og godt psykososialt skulemiljø (aktivitetsplikt og dokumentasjonsplikt), sjå § 12-4).

Krenkingar:

- Direkte handlingar og verbale uttrykk retta mot eleven.
- Indirekte krenkingar som utestenging, isolering og baksnakking. Eleven si eiga oppleving er avgjerande.

(Prop. 57 L (2016-17))

§ 10-8 Informasjon til elevane og foreldra			
Kva?	Korleis?	Når?	Ansvar
Informasjon om at elevane har rett til eit trygt og godt skulemiljø	Informasjon på alle foreldremøte.	Kvar haust	Rektor
	Informasjon til Skulemiljøutvalet/ Samarbeidsutvalet, FAU og elevrådet.	Kvar haust	Rektor
Informasjon om aktivitetsplikta	Kontaktlærarane informerer sine elevar.	Kvar haust	Kontaktlærarane
Informasjon om høve til å melda sak til Statsforvaltaren etter at saka er teken opp med rektor minimum ei veke før	Alle føresette får melding via Visma Flyt Skule om kvar dei finn informasjon om kapittel 12.	August – september kvart år	Rektor
Informasjon om tilhøve ved skulen som kan skada helsa til elevane	Informasjon på heimesida til Luster kommune og på heimesidene til kvar einskild skule	Frå hausten 2017	Kommunalsjef oppvekst
	Føresette og tilsette får melding via Visma. Samarbeidsutval og skulemiljøutval, og elevråd skal haldast informert og takast med i arbeidet med skulemiljøtiltak så tidleg som mogleg.	Snarast mogleg når tilhøve oppstår	Rektor



Ein elev som ikkje har det trygt og godt på skulen	Ein elev som ikkje har det trygt og godt på skulen, skal mellom anna få informasjon om ▪ kva retten til å verta høyrte inneber og at skulen har plikt til å ta omsyn til eleven sine meninger ▪ korleis medverkninga skal skje ▪ kva som er føremålet med samtalen ▪ situasjonen eller saka ▪ kva det eleven fortel kan føra til ▪ kva skulen skal gjera for å retta opp situasjonen og følgja opp eleven	Når saker oppstår og som del av prosessen med undersøking og eventuell vurdering av relevante tiltak for å betra skulemiljøet	
--	---	---	--



§ 12-4 Plikt til å sikra eit trygt og godt psykososialt skulemiljø (aktivitetsplikt og dokumentasjonsplikt)			
Kva?	Korleis?	Når?	Ansvar
Plikt til å følgja med	Alle tilsette (skule, SFO, lekse-hjelp) vert informert om kap. 12.	Kvart år før skulestart	Rektor
	Tilsette har dagleg ansvar for å følgja med på korleis elevane har det på skulen. Inspeksjon i friminutta etter skulen sin inspeksjonsplan.	Dagleg	Alle tilsette
Plikt til å gripa inn	Alle som arbeider på skulen har plikt til å gripa inn ved vald, mobbing, diskriminering eller trakassering dersom ein ikkje står i fare for å skada seg sjølv eller krenkja elevar for å få stogga situasjonen.	Når situasjonar oppstår	Alle tilsette
Plikt til å melda frå	Alle som arbeider på skulen skal melda frå til næraste leiar/rektor, dersom ein får kjennskap eller mistanke om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.	Når mistanke eller kjennskap oppstår.	Alle tilsette
	Det er låg terskel for kva som gjev «mistanke om» eller «kjennskap til» at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor må sjå til at saka vert dokumentert i Visma Sikker Sak. Rektor skal informera skuleeigar i alvorlege tilfelle, t.d. valdelege krenkingar, særskild integritets-krenkjande hendingar eller der fleire elevar alvorleg krenkjer ein einskildev, der skulen ikkje har klart å løysa ei sak, digital mobbing på tvers av skular, grove trugsmål t.d. på sosiale medium.	Når det oppstår alvorlege tilfelle	Rektor og kontaktlærar Rektor
Plikt til å undersøkje	Ved mistanke om eller kjennskap om at ein elev ikkje har eit godt skulemiljø, så skal skulen	Når kjennskap eller mistanke oppstår	Rektor og kontaktlærar



	undersøkja saka. Undersøkinga skjer i samarbeid mellom rektor, kontaktlærer og ev. sosiallærer. Dersom føresette samtykkjer kan helsesyster og/eller PPT delta i samarbeidet om undersøkinga. Skal PPT involverast så må skulen senda inn tilvising på system- eller individsak til PPT. Undersøkinga kan innehalda: ▪ samtale med lærar eller andre tilsette som kjenner eleven / saka godt ▪ samtale med elev som opplever krenking ▪ samtale med involverte elevar ▪ samtale med eleven sine føresette ▪ samtale med elev(ar) som det vert påstått står bak krenkande åtferd og deira føresette, ev. med bruk av metoden Innblikk dersom det er relevant i saka. ▪ samtale med medelevar, ikkje om namngjeven elev, men om det generelle psykososiale miljøet i klassen eller på skulen ▪ observasjonar, sosiogram m.m. Sjå Udir sine heimesider om arbeid med aktivitetsplikta for fleire råd og tips ▪ undersøkinga skal enda i ein konklusjon som dannar utgangspunktet for tiltak		Rektor Rektor
--	---	--	-----------------------------



	▪ ved digital mobbing bør det vurderast om politiet skal koplast inn ▪ rektor ser til at undersøkinga vert dokumentert i Visma Sikker Sak.		Rektor og kontaktlærar
Plikt til å setja inn tiltak	Det skal lagast ein skriftleg tiltaksplan. Tiltaksplanen skal innehalda: a) kva problem tiltaka skal løysa b) kva tiltak skulen har planlagt c) når tiltaka skal gjennomførast d) kven som skal gjennomføra tiltaka e) når tiltaka skal evaluerast Aktuelle tiltaka skal drøftast med elev og føresett slik at dei får sagt si meinining om tiltaka og eventuelt kome med eigne forslag. Skulen må også gjera faglege vurderingar når dei vurderer kva som er eleven sitt beste. Det kan bety at skulen i somme tilfelle skal setja inn tiltak sjølv om eleven ikkje ønsker det, eller andre tiltak enn det eleven sjølv ønskjer. Aktivitetsplanen skal gjelda fram til eleven har eit fullt ut trygt og godt skulemiljø. Skulen skal fatta enkeltvedtak for tiltak som grip inn i rettane og pliktene til eleven, til dømes bortvising eller byte av skule. <u>Sjå Udir sine heimesider om arbeid med tiltak i skulemiljøsaker</u>	Tiltak skal setjast i verk dersom ei undersøking syner at det er trong for det eller når ein elev eller føresett på vegner av eleven melder frå at skulemiljøet ikkje er trygt og godt	Rektor Rektor



Dokumentasjon av skulen sitt arbeid for å oppfylle aktivitetsplikta	Skulen skal syta for ei forsvarleg og føremålstenleg dokumentasjon av arbeidet sitt. Noko dokumentasjon er av meir overordna og generell art, til dømes dokumentasjon av å følgja med når det gjeld fleire elevar, grupper eller heile skulen. For plikta til å giripa inn og melda frå dreier dokumentasjonen seg i større grad om kva skulen har gjort i ein spesifikk situasjon eller sak. Døme på dokumentasjon er: ▪ oversikt over henvendingar frå elevar og føresette om skulemiljø ▪ trivselsundersøkingar observasjonslogg frå friminutt ▪ nedskrivne munnlege meldingar, meldeskjema e.l. ▪ referat eller notat frå samtalar med elevar og/eller føresette ▪ sosiogram Kva som skal dokumenterast må tilpassast føremålet med dokumentasjonen. Systemet for dokumentasjon skal ikkje vera meir omfattande enn naudsynt.	Generell dokumentasjon i samsvar med årshjul eller som del av ei spesifikk sak.	Rektor / kontaktlærar
--	--	---	-----------------------



§ 12-5 Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skulen krenkjer ein elev			
Kva?	Korleis?	Når?	Ansvar
Plikt til å varsla, undersøkje og setja i gang tiltak ved mistanke om at tilsett utset elev for krenking	Ved mistanke eller kjennskap til at nokon som arbeider ved skulen utset ein elev for krenking så skal det meldast frå til rektor straks.	Når mistanke oppstår	Alle tilsette (skule, SFO, leksehjelp)
	Rektor skal melda frå til skule-eigar. Det er ikkje nødvendigvis slik at ein tilsett har krenkt ein elev sjølv om eleven kjenner seg krenkt. Forhold som ikkje gjeld mistanke om eller kjennskap til krenkingar, skal ikkje meldast vidare.		Rektor
	Undersøking og tiltak skal setjast i verk straks. Når undersøkinga er gjennomført må rektor vurdera om prosedyre for klage på medarbeidar skal tre i kraft.		Rektor
	Rektor må sikra at saka er dokumentert i Visma Sikker Sak, ev. også i Websak+ i samråd med Arkiv.		Rektor
	Dersom det er ein i leiinga ved skulen som står bak krenkinga, skal skuleeigar varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter § 12-4 skal setjast i verk straks.	Når nokon i skuleleiinga står bak krenking av elevar	Kommunal-sjef oppvekst



§ 12-7 Det fysiske miljøet			
Kva?	Korleis?	Når?	Ansvar
Fysisk miljø	Skulen skal innreist slik at det vert lagt til rette for dei elevane ved skulen som har nedsett funksjonsevne. Dersom elevar eller føresette ber om tiltak om å retta på skulen sitt fysiske miljø, skal skulen handsama saka som enkeltvedtak. Årlege vernerundar der også elevane sitt fysiske miljø vert sjekka. Sjekklista til miljøretta helsevern vert nytta.	Når det kjem ein førespurnad eller ved eigne vurderingar Årleg	Rektor, ev. saman med kommunal-sjef oppvekst Rektor og verneombod
§ 10-2 Rett til medverknad § 10-4 og 10-5 Skuledemokrati			
Kva?	Korleis?	Når?	Ansvar
Elevdeltaking	Elevane skal ta del i planlegging og arbeid for eit trygt og godt skulemiljø. Skulane etablerer skulemiljøutval og elevråd, jf. § 10-4 og § 10-5 Elevrådet vert etablert seinast tre veker etter skulestart	Møteplan til elevrådet og skulemiljø-utvalet	Rektor
§ 10-7 Skulereglar			
Kva?	Korleis?	Når?	Ansvar
Skulereglar	Kommunen har vedteke lokal forskrift om skulereglar, dvs. felles reglar / basis for alle skulane. Kvar skule nyttar desse felles reglane som utgangspunkt for reglar ved eigen skule. Skulen sine reglar skal gjerast kjent for elevar og føresette ved skulestart. (Avkryssing i Visma for føresette) Det er kun sanksjonar som er nemnde i skulereglane som kan nyttast.	Vedteke av Luster kommunestyre 20. juni 2024 og gjeldande frå 1. august 2024. Revidering og påfølgjande høyringsrunde når det er trong for det.	Kommunal-sjef oppvekst Rektor Rektor

Tillegg:

[illegible]



	perspektiv med tanke på skolemiljøarbeid - til informasjonsinnhenting på bakgrunn av konkret mistanke etter opplæringslova § 10-4 og § 10-5, ved langvarige, uoversiktlige eller kompliserte utfordringer i skolemiljøet, og andre undersøkelsesmetoder ikke har ført frem. Eventuell gjennomføring av Spekter skal skje i samsvar med rettleiinga til Læringsmiljøsenteret. Sjå også: Spekter Universitetet i Stavanger (uis.no)		
--	--	--	--